



Roma: Hardanger Big Band spelte på Cotton Club då det vitja Italia i samband med 30-årsjubileet. Dirigent Arild B. Nielsen (t.h.) starta storbandet for 30 år sidan, og har leia bandet sidan. Kristine Drake syng. Foto: Privat

# Storband med italiensk vri

Hardanger Big Band (HBB) har med seg profesjonelle, italienske musikarar på turné i helga.

EIRIK DYRBØY LOTTSBERG

lotsberg@hf.no

I samband med 30-årsjubileet til HBB var musikarane på turné til Roma i mars. På turen fekk dei med seg tre profesjonelle musikarar som kjem frå eller er busette i Italia.

Det var truleg eit vellukka samarbeid, for denne veka kjem dei tre musikarane til Hardanger for å vera med storbandet på fire konserter.

## Profesjonelle jazzarar

Éi av musikarane som kjem langvegsfrå, er jazzsongarinne Nina Pedersen. Ho kjem opphavleg frå Grimstad, men er fast basett i Roma. Her underviser ho i jazzvokal ved St. Louis College of Music, den største musikkinstitusjonen i Italia. Ho gir også ut eigen musikk, og nokre av songane hennar har vorte arrangerete spesielt for HBB

av italienske Milena Nigro og norske Jens Wendelboe.

Pedersen har med seg sin faste pianist, Pierpaolo Principato, som arbeider på det same universitetet. Han har vore med på mange plateinnspelingar og har spelt på internasjonale jazzfestivalar.

Den tredje musikaren er trombonist Davide di Pasquale. Di Pasquale har sin eigen kvartett, driv med musikkteater og er komponist.

HBB med gjestar skal halda konsert i Kabuso i Øystese torsdag og på Jonsvoll i Jondal sundag. Dei skal også spela konsert på Swing'n'Sweet Jazzclub i Bergen og i Knarvik kyrkje på Lindås.

## Fantastisk suksess

Åse-Karin Stronen, styremedlem og trompetist i HBB, ser fram til

giensynet.

– Eg er sikker på at publikum vil få ei stor musikalisk oppleving. Det vert ei stor hending. Då me var på tur i mars, spelte me på ein jazzklubb i Roma og i landsbyar utanfor byen. Det var ein fantastisk suksess, og me var ikkje i tvil om at me ville invitera dei tre musikarane til å komma hit.

Ho seier det er ein opptur for storbandet å få spela i lag med musikarar av ein slik kaliber.

– Når profesjonelle, etterspurde musikarar ryddar veg for å komma til Noreg og spela med oss, betyr det at me har gjort det bra i Roma med dei. Det er ei stjerne i jakkeslaget for oss, og det gir oss ein veldig kveik. Dei gir mykje av seg sjølve til oss, seier Stronen.

Norheim  
nal kvinn  
på Norhe  
nehjelpa.  
Norheim  
bilitaket  
hjelpe.  
Jondal: I  
funn i Je  
kering ar  
kl. 19. An  
dal.  
Norheim  
domshal  
filmklubi

Onsdag 2

Norheim  
formann  
om kom  
hus kl. 9.  
Norheim  
Karatrak  
nehjelpa.  
Norheim  
11.30. A  
Norheim  
radstyr  
Øystese  
ungdon  
se sanit

Torsdag

Norheim  
Granne  
Granne  
Øystese  
14. Arr.  
Norhei  
len i ga  
11-13.  
Øystese  
kl. 11.3  
Øystese  
Roma  
ger Big  
tesolist

Fredag

Jondal  
kl. 17. I  
Norhei  
sten og  
kino kl.  
Norhei  
Ragna  
Øystese  
Makai  
Norhei  
spelar  
Laundi

Øyste  
matur  
Åtgau  
Norhe  
Britt d  
ven kl.  
Heran  
rand  
20.  
Norhe  
pub k  
Sunde  
Ålvik  
nestre  
Norhe  
lager



Roma: Hardanger Big Band spelte på Cotton Club då det vitja Italia i samband med 30-årsjubileet. Dirigent Arild B. Nielsen (t.h.) starta storbandet for 30 år sidan, og har leia bandet sidan. Kristine Drake syng. Foto: Privat

# Storband med italiensk vri

Hardanger Big Band (HBB) har med seg profesjonelle, italienske musikarar på turné i helga.

EIRIK DYRBØY LOTTSBERG

lotsberg@hf.no

I samband med 30-årsjubileet til HBB var musikarane på turné til Roma i mars. På turen fekk dei med seg tre profesjonelle musikarar som kjem frå eller er busette i Italia.

Det var truleg eit vellukka samarbeid, for denne veka kjem dei tre musikarane til Hardanger for å vera med storbandet på fire konserter.

## Profesjonelle jazzarar

Éi av musikarane som kjem langvegsfrå, er jazzsongarinne Nina Pedersen. Ho kjem opphavleg frå Grimstad, men er fast basett i Roma. Her underviser ho i jazzvokal ved St. Louis College of Music, den største musikkinstitusjonen i Italia. Ho gir også ut eigen musikk, og nokre av songane hennar har vorte arrangerete spesielt for HBB

av italienske Milena Nigro og norske Jens Wendelboe.

Pedersen har med seg sin faste pianist, Pierpaolo Principato, som arbeider på det same universitetet. Han har vore med på mange plateinnspelingar og har spelt på internasjonale jazzfestivalar.

Den tredje musikaren er trombonist Davide di Pasquale. Di Pasquale har sin eigen kvartett, driv med musikkteater og er komponist.

HBB med gjestar skal halda konsert i Kabuso i Øystese torsdag og på Jonsvoll i Jondal sundag. Dei skal også spela konsert på Swing'n'Sweet Jazzclub i Bergen og i Knarvik kyrkje på Lindås.

## Fantastisk suksess

Åse-Karin Stronen, styremedlem og trompetist i HBB, ser fram til

giensynet.

– Eg er sikker på at publikum vil få ei stor musikalisk oppleving. Det vert ei stor hending. Då me var på tur i mars, spelte me på ein jazzklubb i Roma og i landsbyar utanfor byen. Det var ein fantastisk suksess, og me var ikkje i tvil om at me ville invitera dei tre musikarane til å komma hit.

Ho seier det er ein opptur for storbandet å få spela i lag med musikarar av ein slik kaliber.

– Når profesjonelle, etterspurde musikarar ryddar veg for å komma til Noreg og spela med oss, betyr det at me har gjort det bra i Roma med dei. Det er ei stjerne i jakkeslaget for oss, og det gir oss ein veldig kveik. Dei gir mykje av seg sjølve til oss, seier Stronen.

Norheim  
nal kvinn  
på Norhe  
nehjelpa.  
Norheim  
bilitaket  
hjelpe.  
Jondal: I  
funn i Je  
kering ar  
kl. 19. An  
dal.  
Norheim  
domshal  
filmklubi

Onsdag 2

Norheim  
formann  
om kom  
hus kl. 9.  
Norheim  
Karatrak  
nehjelpa.  
Norheim  
11.30. A  
Norheim  
radstyr  
Øystese  
ungdon  
se sanit

Torsdag

Norheim  
Granne  
Granne  
Øystese  
14. Arr.  
Norhei  
len i ga  
11-13.  
Øystese  
kl. 11.3  
Øystese  
Roma  
ger Big  
tesolist

Fredag

Jondal  
kl. 17. I  
Norhei  
sten og  
kino kl.  
Norhei  
Ragna  
Øystese  
Makai  
Norhei  
spelar  
Laundi

Øyste  
matur  
Åtgau  
Norhe  
Britt d  
ven kl.  
Heran  
rand  
20.  
Norhe  
pub k  
Sunde  
Ålvik  
nestre  
Norhe  
lager